

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
070/17	Formannskapet	PS	18.10.2017

Saksbehandlar	ArkivsakID
Roald Hovden	14/4122

## Høyring - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029

### Vedlegg:

Høyring - Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018-2029  
Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

### Overordna Fylkesvegar

#### *Fv 566 Vesetgjelet. Flyttas frå Prioritet II til prioritet I*

Reguleringsplan er ferdig og vedteken. I samband med regulert næringsområde på Espevoll på 550 da vil vegen og få regional nytte, då dette næringsområdet vil inngå som ein del av tilrettelagt næringsareal i Bergensregionen. Trafikk- og transportomsyn tilseier at det vil verta meir gunstig å etablera næringsverksemd aust for Bergen, der nær tilknyting til E-16 og E-39 og jernbane sikrar rask og effektiv varelevering. Osterøy kan tilby areal til næring og bustader nær brua, men då må vegnettet her tåla meir trafikk.

### Øvrige fylkesvegar

Prosjekt prioritert i kommunal trafikksikringsplan, men er for store til å inngå i sekkeposten årlege løyvingar til trafikksikring.

1. Fv 368 Gang og sykkelveg Rådhuset - Hatlandsskiftet- Lonevåg Barnehage. Byggast innafor gjeldande reguleringsplan.

2. **FV 567 - Gangveg Loftås – Hauge. Reguleringsplan er ferdig. Ferdig bygd gangveg vil gje samanhengande god gang/sykkelveg Valestrand – Lonevåg.**
  
3. ***FV 360 Haus sentrum. Omlegging av veg og fortau.***

### Valestrand sentrum, Fv 567

Områdeplan Valestrand er nyleg vedteken.

Samferdsle og trafikksikring er ein viktig faktor i planen. Planlegging og bygging av buss- snusløyfe ved Valestrand skule er svært høgt prioritert.

Ein ønskjer og eit samarbeid for å utvikla sentrumsfunksjonen i form av miljøgate og rundkjøring i Valestrand sentrum.

### Samarbeidsprosjekt

Fv 567 v/Kringastemma. Kommunen har gjort vedtak om utbedring og forsterking av eksisterande demning. Etter planen skal arbeidet utførast i 2018 Kommunen ønskjer samarbeid for å betra trafikktryggleiken på fylkesvegen.

### Formannskapet - 070/17

#### **FS - behandling:**

Hjalti H. Gislason, uavh., gjorde slikt framlegg: "Osterøy kommune ynskjer at desse prosjekta vert lagt til punkt 5.3.5 Fornyng og opprusting i «Forslag til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018–2029»:

5.3.5.4 Mindre utbetringar (spleiselag)

FV 567 Gangbru over Kringastemma. Spleislag etter forsterking av demninga.

#### 5.3.5.5 Kollektiv

FV 567 Buss- snusløyfe ved Valestrand skule (spleislag)

#### 5.3.5.6 Trafikksikring

FV 368 Gang og sykkelveg Rådhuset - Hatlandsskiftet- Lonevåg Barnehage

FV 360 Haus sentrum - omlegging av veg og fortau

#### 5.3.5.7 Gang og sykkel

FV 567 Gang og sykkelveg Loftås – Hauge

Formannskapet ber rådmannen utdjupe uttalen til Hordaland Fylkeskommune med nærare opplysingar om dei fem prosjekta.

Punktet om flytting FV 566 Vesetgjelet frå prioritet II til prioritet I går ut."

Ordføraren gjorde slikt framlegg om tillegg til framlegg til vedtak:

**Ferjesambandet Valestrand – Breistein:** "Det private ferjesambandet Valestrand – Breistein er mellom dei største sambanda i Hordaland (nr. 7 for køyretøy og nr. 5 for passasjerar (2015)). Sambandet er viktig for mange arbeids- og skulereisande mellom Osterøy og omlandskommunane (Bergen, Nordhordland, m.fl.). Ein sær høg del av passasjerane reiser kollektivt (ca. 40%). Alternativ reise for fleirtalet av dei reisande vil vere privatbil – sjølv om framtidig busstilbod vert forsterka. For å sikre ein økonomisk og miljømessig bærekraftig drift av ferjesambandet og vidareføring av ein sterk kollektiv reiseveg, ber Osterøy kommune Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 om å innlemma Valestrand – Breistein i det offentleg støtta ferjetilbodet i fylket (anbodssystemet). Ferjesambandet er kort og sær godt eigna for elektrifisering."

#### **Fylkesveg 360 (Haus kai – Hakanes):**

"Store delar av Fv 360 går i rasutsett område langs Sørfjorden. Siste delen av fylkesvegen (Bruvik – Hakanes i Bruvikdalen) går i eit område med få fastbuande. Det er ikkje offentleg vegsamband mellom Fv 360 og annan offentleg veg her. Det er samstundes opparbeidd ein privat veg mellom Bruvikdalen og Njåstad (kommunal veg).

Det har dei siste åra vore fleire skred ved Fv 360 langs Sørfjorden og innbyggjarane nord for skreda, i hovudsak Bruvikbygda, har flere gonger vorte isolerte i kortare eller lengre periodar. For å gje ein tilfredsstillande samfunnsberedskap ved framtidig skred, foreslår Osterøy kommune følgande: Osterøy tek over ansvaret for siste delen av Fv 360 i Bruvikdalen (1,8 km). Fylkeskommunen tek over eigarskapen og ansvar for drifts- og vedlikehald av Sakslivegen frå Bruvikdalen til den kommunale veggen på Njåstad (3,6 km). Sakslivegen er i dag ein privateigd bomveg med like høg eller betre teknisk kvalitet enn fylkesvegen i Bruvikdalen. Det må leggjast fast dekke på Sakslivegen for at denne skal verte tenleg som offentleg veg."

#### **AVRØYSTING**

Rådmannen sitt framlegg med slike tillegg som foreslått av Hjalti Gislason - Samrøystes vedteke

Ordførar sitt framlegg del 1: - Samrøystes vedteke  
Ordførar sitt framlegg del 2: - Vedteke med 6 røyster (2KRF, 2H, 1SP, 1uavh.)  
mot 3 røyster (2AP, 1MDG)

#### **FS - vedtak:**

Formannskapet har vedteke å gje slik høyringsuttale:

"Osterøy kommune ynskjer at desse prosjekta vert lagt til punkt 5.3.5 Fornyning og opprusting i «Forslag til Investeringsprogram for fylkesvegnettet til Regional transportplan Hordaland 2018–2029»:

#### Samarbeidsprosjekt

##### **Pkt. 5.3.5.4 Mindre utbetringar (spleiselag)**

Fv 567 v/Kringastemma. FV 567 Gangbru over Kringastemma. Spleiselag etter forsterking av demninga. Kommunen har gjort vedtak om utbedring og forsterking av eksisterande demning. Etter planen skal arbeidet utførast i 2018. Kommunen ønskjer samarbeid for å betra trafikktryggleiken på fylkesvegen.

##### ***Pkt. 5.3.5.5 Kollektiv***

##### **Valestrand sentrum, Fv 567 Buss-snusløyfe ved Valestrand skule (spleiselag)**

Områdeplan Valestrand er nyleg vedteken. Samferdsle og trafikksikring er ein viktig faktor i planen. Planlegging og bygging av buss- snusløyfe ved Valestrand skule er svært høgt prioritert. Ein ønskjer og eit samarbeid for å utvikla sentrumsfunksjonen i form av miljøgate og rundkjøring i Valestrand sentrum.

##### ***Pkt. 5.3.5.6 Trafikksikring***

Prosjekt prioriterte i kommunal trafikksikringsplan, men er for store til å inngå i sekkeposten årlege løyvingar til trafikksikring.

1. Fv 368 Gang og sykkelveg Rådhuset - Hatlandsskiftet- Lonevåg Barnehage. Byggast innfor gjeldande reguleringsplan.

2. FV 360 Haus sentrum. Omlegging av veg og fortau.

##### ***Pkt. 5.3.5.7 Gang og sykkel***

FV 567 - Gangveg Loftås – Hauge. Reguleringsplan er ferdig. Ferdig bygd gangveg vil gje samanhengande god gang/sykkelveg Valestrand – Lonevåg.

##### ***Ferjesambandet Valestrand – Breistein:***

Det private ferjesambandet Valestrand – Breistein er mellom dei største sambanda i Hordaland (nr. 7 for køyretøy og nr. 5 for passasjerar (2015)). Sambandet er viktig for mange arbeids- og skulereisande mellom Osterøy og omlandskommunane (Bergen, Nordhordland, m.fl.). Ein særskild høg del av passasjerane reiser kollektivt (ca. 40%). Alternativ reise for fleirtalet av dei reisande vil vere privatbil – sjølv om framtidig busstilbod vert forsterka. For å sikre ein økonomisk og miljømessig bærekraftig drift av ferjesambandet og vidareføring av ein sterk kollektiv reiseveg, ber Osterøy kommune Hordaland fylkeskommune i 2018/2019 om å innlemma Valestrand – Breistein i det offentleg støtta ferjetilbodet i fylket (anbodssystemet). Ferjesambandet er kort og særskild godt eigna

for elektrifisering.

**Fylkesveg 360 (Haus kai – Hakanes):**

Store delar av Fv 360 går i rasutsett område langs Sørfjorden. Siste delen av fylkesvegen (Bruvik – Hakanes i Bruvikdalen) går i eit område med få fastbuande. Det er ikkje offentleg vegsamband mellom Fv 360 og annan offentleg veg her. Det er samstundes opparbeidd ein privat veg mellom Bruvikdalen og Njåstad (kommunal veg).

Det har dei siste åra vore fleire skred ved Fv 360 langs Sørfjorden og innbyggjarane nord for skreda, i hovudsak Bruvikbygda, har flere gonger vorte isolerte i kortare eller lengre periodar. For å gje ein tilfredsstillande samfunnsberedskap ved framtidig skred, foreslår Osterøy kommune følgjande: Osterøy tek over ansvaret for siste delen av Fv 360 i Bruvikdalen (1,8 km). Fylkeskommunen tek over eigarskapen og ansvar for drifts- og vedlikehald av Sakslivegen frå Bruvikdalen til den kommunale vegen på Njåstad (3,6 km). Sakslivegen er i dag ein privateigd bomveg med like høg eller betre teknisk kvalitet enn fylkesvegen i Bruvikdalen. Det må leggjast fast dekke på Sakslivegen for at denne skal verte tenleg som offentleg veg."

**Saksopplysningar:**

Saksopplysningar:

**Bakgrunn**

Fylkestinget vedtok Regional transportplan for Hordaland 2018-20129 (RTP) i juni 2017.

Vidare har fylkeskommune utarbeida forslag til investeringsprogram for fylkesvegnettet. Ambisjonen for investeringsprogrammet er å gje eit samla oversyn for utviklinga av fylkesvegnettet. Investeringsprogrammet gjeld for perioden 2018 – 2029 og skal rullerast kvart år. Behov for revisjon med høyringsrunde vert vurdert kvart fjerde år, fyrste gong i 2021.

Programmet omhandlar langsiktig planlegging av drift, vedlikehald og investeringar.

**Forslaget er no på høyring med frist 20.10.17. Det er oppretta ei eigen høyringside hjå Fylkeskommunen:**

<https://www.hordaland.no/nn-NO/politikk/du-kan-paverke/hoyring--investeringsprogram-for-fylkesvegnettet-til-rtp/>

På denne sida finn ein høyringsframlegget frå Fylkeskommunen inkludert vedlegg. Her ligg og bakgrunnsinformasjon i form av ulike planar, strategidokument og faglege rapportar med tiltakslistar.

Dei største prosjekta er spesifisert i høyringsutkastet og for Osterøy er desse tiltaka teke med:

Investeringar på fylkesvegnettet 2018-2029. Fv 566 Vesetgjelet er med på liste Prioritet II.

Rassikring. Fv 360 Bruvikvegen, Merkjesura som ligg mellom Vik og Ytre Bruvik, med 10 mill i 2020.

Tunnelar, jfr krav i tunnel forskrift. Borgotunnelen 1 mill i 2021, Tirsås 51 mill i 2021-25 og Lonevågtunnelen med 50 mill i perioden 2022 – 2025.

Forsterkning av veg: 2 stkt punktutbetringar på Fv 360 med 1 mill i 2018 og 1 mill i 2019.

Mindre utbetringar (spleiselag). Er teke med bidrag på 4 mill til omlegging av Fv 566 v/ Espevoll næringsområde. Det må lagast avtale med fylket.

Forøvrig vil fylkeskommunen kunna yta tilskot til samarbeidsprosjekt der det vert lagt vass- og avlaupsleidningar langs fylkesvegnettet og som legg til rette for mjuke trafikantar.

Prosjekt der kommunen har planar om utbygging av va-anlegg langs fylkesveg i nær framtid er Mjeldalen – Espevoll og Hoshovde på Hosanger.

I samband med forsterking av Kringastemma på Valestrand er kommunen i dialog om samarbeid for trafikksikring og oppgradering av fylkesvegen, Fv 567.

Generelt ligg det store sekkepostar som skal fordelast utover i perioden. Gjeld punktutbetringar, strakstiltak bruer og kaiar og ikkje minst midlar til trafikksikring.

## **Vurdering**

Kommunen er svært positiv til dei tiltaka i planen som vedkjem Østerøy. Vil spesielt nemna rasikringa Merkjesura på Bruvikvegen.

Vidare vil ein peika på viktige prosjekt for kommunen og koma med følgjande innspel til

investeringsprogrammet:

### **Overordna Fylkeseveg**

*Fv 566 Vesetgjelet. Flyttas frå Prioritet II til prioritet I*

Reguleringsplan er ferdig og vedteken. I samband med regulert næringsområde på Espevoll på 550 da vil vegen og få regional nytte, då dette næringsområdet vil inngå som ein del av tilrettelagt næringsareal i Bergensregionen. Trafikk- og transportomsyn tilseier at det vil verta meir gunstig å etablera næringsverksemd aust for Bergen, der nær tilknytning til E-16 og E-39 og jernbane sikrar rask og effektiv varelevering. Osterøy kan tilby areal til næring og bustader nær brua, men då må vegnettet her tåla meir trafikk.

### **Øvrige fylkesveg**

Prosjekt prioritert i trafikksikringsplane, men er for store til å inngå i sekkeposten årlege løyvingar til trafikksikring.

1. Fv 368 Gang og sykkelveg Rådhuset - Hatlandsskiftet- Lonevåg Barnehage. Byggast innfor gjeldande reguleringsplan.
2. FV 567 - Gangveg Loftås – Hauge. Reguleringsplan er ferdig. Ferdig bygd gangveg vil gje samanhengande god gang/sykkelveg Valestrand – Lonevåg.
3. *FV 360 Haus sentrum.* Omlegging av veg og fortau.

### **Valestrand sentrum, Fv 567**

Områdeplan Valestrand er nyleg vedteken.

Samferdsle og trafikksikring er ein viktig faktor i planen. Planlegging og bygging av buss- snusløyfe

ved Valestrand skule er svært høgt prioritert.

Ein ønskjer og eit samarbeid for å utvikla sentrumsfunksjonen i form av miljøgate og rundkjøring i Valestrand sentrum.

### **Samarbeidsprosjekt**

Fv 567 v/Kringastemma. Kommunen har gjort vedtak om utbedring og forsterking av eksisterande demning. Etter planen skal arbeidet utførast i 2018 Kommunen ønskjer samarbeid for å betra trafikktryggleiken på fylkesvegen.

Folkehelse

Ikkje spesielt vurdert utover at saka i stor grad gjeld trafikksikring.

Miljø

Ikkje spesielt vurdert

Økonomi

Ikkje spesielt vurdert

### **Konklusjon**

Rådmann tilrår formannskapet å koma med innspel til investeringsprogrammet som vist i vurderinga.